

Forskrift om ordensreglement for grunnskulen i Bømlo

- Svortland skule -



01.07.2014

Rådmannen

Vedteken i Utvalet for oppvekst, kultur og idrett 02.09.2014, sak 38/14

Vedteken i kommunestyret 22.09.2014, sak 69/14

Godkjent i Samarbeidsutvalet/skulemiljøutvalet Svortland skule 28.09.2017

Innhald:

1. Innleiing	3
1.1. Heimel	3
1.2. Innhald og virkeområde	3
1.3. Skulane sitt eige ordensreglement	3
2. Formål, rettar og pliktar for elevane	4
§ 1 Formål	4
§ 2 Eleven sine plikter	4
§ 3 Eleven sine rettar	4
§ 4 Reglar	4
§ 5 Generelle retningslinje i høve til tiltak sanksjonar	5
§ 6 Tiltak og sanksjonar	5
§ 7 Særskilt presisering av forhold knytta til ordensreglementet	6
Mobbing og valdeleg åtferd	6
Farlege objekt	6
Rusmiddel	6
Tobakksfri skule	6
Ransaking	6
Hærverk/skadeverk på skulen	6
Mobiltelefon og kamera	6
Internett	7
Fusk	7
Straffbare forhold	7
§8 Lokale ordensreglar ved Svortland skule	8
§ 9 Fastsetjing av karakter i orden og åtferd	9
§ 10 Sakshandsaming	9
§ 11 Iverksetjing	9

1. Innleiing

1.1. *Heimel*

Med heimel i lov av 17.juli 1998 nr.61 om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa, Opplæringslova §2-9, og politisk vedtak fatta i utval for oppvekst, kultur og idrett den 16.10.2012, er felles ordensreglement fastsett for skulane i Bømlo kommune.

1.2. *Innhald og virkeområde*

Ordens- og åtferdsreglementet omfattar alle grunnskular i kommunen.

Reglementet inneheld reglar for åtferd, reglar for kva for tiltak som skal nyttast ved brot på reglementet (sanksjonar), og reglar for framgangsmåten når slike saker skal handsamast (sakshandsamingsreglar).

Reglar og sanksjonar som er omtala i opplæringslova og forskrifter til opplæringslova, er som hovudregel ikkje gjenteke i ordensreglementet. Skulen plikter å informere føresette og elevar om desse reglane.

Skulane har ansvar for elevane i undervisning, arrangement, ekskursjonar m.m. Dette vil seie at ordensreglementet gjeld i alle typar undervisningslokale, i fellesrom, uteområde og på turar i skulen sin regi.

Ordensreglementet for den einskilde grunnskule skal også gjelde på skulevegen.

Skulefritidsordninga (SFO) i grunnskulen skal ha eige ordensreglement fastsett som ein del av avtalen mellom den einskilde skule og dei føresette til barnet.

1.3. *Skulane sitt eige ordensreglement*

I tillegg til eit felles ordensreglement for grunnskulen i Bømlo, skal den einskilde skule utarbeide sitt eige reglement for trivsel, orden og åtferd. Dette reglementet skal ta utgangspunkt i lokale forhold og særleg sikre at skulen har rutinar og prosedyrar for å ivareta elevane sitt psykososiale skulemiljø.

Den einskilde skule kan i tillegg ha reglar om t.d. ordensteneste, opphaldsreglar, sykling til skulen, eller andre spesielle forhold.

Alle rådsorgan ved skulen skal delta i utforminga av reglementet.

Ved eventuell motstrid vil opplæringslova og det felles ordensreglementet ha forrang framfor det lokale reglementet.

2. Formål, rettar og pliktar for elevane

§ 1 Formål

Grunnskulane i Bømlo skal vere prega av eit konstruktivt samarbeid mellom elevar, føresette og tilsette på skulen. Elevane skal lære å sjå seg sjølve som medansvarlege for eit godt fellesskap prega av trivsel og respekt.

Ordensreglementet er eit verkemiddel for å nå denne målsetjinga. Ordensreglementet tek utgangspunkt i at skulen er til for elevane, og at elevane ønskjer å bruke sine positive ressursar til å nå målsettinga om eit godt skulesamfunn for alle.

§ 2 Eleven sine plikter

Eleven har plikt til å:

- Ikkje mobba andre
- Arbeida for eit godt lærings- og skulemiljø
- Behandla andre på ein skikkeleg måte i høve til normalt god folkeskikk
- Visa respekt for andre og ikkje øydeleggja noko på skulen eller for andre
- Ikkje utsetja andre for krenkjande ord og handlingar
- Retta seg etter åtvaringar eller sanksjonar

§ 3 Eleven sine rettar

Elevane har rett til:

- Å ikkje bli mobba
- Eit godt lærings- og skulemiljø
- Å bli behandla på ein skikkeleg måte av alle ved skulen
- Å ikkje bli utsett for krenkande ord og handlingar

§ 4 Reglar

Elevane skal:

- Syna omsyn og respekt for andre
- Halda seg innafor normene for arbeidsro i timane
- Syna respekt for undervisninga
- Møta presis til timar og avtalar
- Gjera skulearbeidet til rett tid
- Ha med bøker og anna naudsynleg utstyr
- Halda god orden i alt som har med skulen og skulearbeid å gjera

- Halda området på skulen reint og ryddig
- Ta godt vare på alt som høyrer skulen til, ute som inne, og stella fint med skulebøker og anna undervisningsmateriell
- Passa på personlege ting og i minst mogleg grad ta med seg verdisaker på skulen

Elevane skal ikkje:

- Mobba eller plaga
- Ha krenkande språkbruk eller språkbruk som kan verka brutaliserande
- Slåst eller utøva anna vold
- Øydeleggja for andre sin leik
- Vera krenkande i ord og handling knytt til kjønn, religion, legning eller nasjonalitet
- Ha med våpen eller gjenstandar som er eller kan opplevast som farlege
- Ha med rusmiddel av noko slag
- Nytta tobakk eller snus i skuletida
- Forlata skulen sitt område utan særskilt løyve

§ 5 Generelle retningslinje i høve til tiltak sanksjonar

- Alle tiltak og sanksjonar skal vera slik at eleven kan forstå kva reglar som er brotne og kvifor skulen må reagere som han gjer
- Fysisk refsing er ikkje tillate
- Fysisk arbeid, som å vaska og rydda opp etter seg eller reparera noko som er øydelagd, er tillate
- Etter § 2 i denne forskrifta pliktar elevane å retta seg etter iverksette tiltak eller sanksjonar
- Tiltak og sanksjonar skal alltid vurderast i høve til kor alvorleg brotet på ordensreglementet er

§ 6 Tiltak og sanksjonar

- Munnleg åtvaring
- Munnleg melding til føresette
- Skriftleg melding til føresette
- Pålegg om oppgaver for å retta opp skade/hærverk
- Møta på skulen før eller etter skuletid for samtale/å utføra pålagde oppgaver
- Overføring til anna klasse
- Overføring til anna skule
- Beslaglegging av objekt brukt på ein farleg eller provoserande måte
- Nedsett karakter i orden og/eller åtferd
- Bortvisning
 - a) Skjer etter reglane i § 2-10 i Opplæringslova
 - b) Skjer i samsvar med fastlagt prosedyre og nasjonale retningslinjer dokumentert i kvalitetssystemet

§ 7 Særskilt presisering av forhold knytta til ordensreglementet

Mobbing og valdeleg åtferd

Det er nulltoleranse for mobbing, vald eller trugsmål om vald, og her skal retningslinjene i mobbeplan og plan for det generelle arbeidet med det psykososiale miljøet etter kap 9a i Opplæringslova følgjast.

Farlege objekt

Når skulen vurderer ein gjenstand å vera våpen eller gjenstand som kan skada andre vil desse bli beslaglagt av skulen og leverte til føresette. Ulovlege gjenstandar kan overleverast til politiet.

Rusmiddel

Det er forbode å vera rusa på skulen. Vidare er det forbode å bruka, oppbevare omsetja eller ha med seg ei kvar form for rusmiddel. Skulen skal inndra rusmiddel som vert oppdaga. Alkohol skal overleverast dei føresette. Ulovlege rusmiddel skal overleverast til politiet.

Tobakksfri skule

Det er ikkje tillatt å bruka tobakk og/eller snus i skuletida, i skulen sine lokalar, på skuleområdet og turar/ekskursjonar i regi av skulen, jfr. Tobakksskadelovens §27 (*Tobakksforbud på skoler og i skoletiden*). Tobakksvarer skal overleverast dei føresette.

Ransaking

Er det mistanke om straffbare forhold knytta til rusmiddel eller farlege gjenstandar kan skuleleiinga be politiet om hjelp til ransaking. I slike tilfelle skal foreldre så langt det let seg gjera varslast på førehand.

Hærverk/skadeverk på skulen

Skade/hærverk gjort med forsett på skulebygg, utstyr og bøker kan medføra erstatningskrav overfor føresette. Dette gjeld også skade påført klede eller utstyr tilhøyrande medelevar eller tilsette. Reglane i §§ 1-1 og 1-2 i Skadeerstatningslova vil gjelda. Utover dette kan elevar som gjer skadeverk bli pålagde å rydda opp etter seg og/eller å utbetra skade.

Mobiltelefon og kamera

Det er ikkje tillate å filma eller ta bilete av medelevar eller tilsette utan at dette er godkjend på førehand. Skulane vedtek sjølve reglar og sanksjonar for bruk av mobiltelefon og kamera i skuletida.

Internett

Internett skal i utgangspunktet berre brukast i tilknytning til undervisning. Kvar skule vedtek eigne reglar for bruk av datautstyr utanom den organiserte undervisninga.

Fusk

Fusk eller forsøk på fusk er å rekna som brot på ordensreglementet og vil kunna få konsekvensar for eleven sin åtferdskarakter. Kva som er å rekna som fusk vil vera definert i høve til den enkelte prøve-situasjonen og vil gjelda tillatne hjelpemiddel og kommunikasjon med andre. Plagiering frå medelevar eller kjelder på internett vil uansett vera å rekna som fusk. Når fusk vert oppdaga skal arbeidet/prøven/testen annullerast. Dette vil svekka vurderingsgrunnlaget i faget.

Ved fusk til eksamen vil *Forskrift til opplæringslova. Annullering av eksamen* § 3-37 fjerde og femte ledd gjelda.

Straffbare forhold

Dersom det ligg føre mistanke om straffbare forhold kan skulen be politiet om hjelp. Alle straffbare forhold skal meldast til politiet uavhengig om det gjeld ein elev eller ein tilsett. Straffbare forhold kan tenkjast å vera tjuveri, vald, trugsmål, valdtekt, seksuell trakassering, utuktig omgang med mindreårige, lekamskading, narkotikarelaterte brotsverk, rasistiske utsegner eller handlingar, hæverk/skadeverk, sjikane knytta til religion/legning/nasjonalitet/kjønn, oppbevaring eller bruk av våpen.

Skulen skal så langt det let seg gjera varsla føresette før politiet vert kopla inn. Blir eit forhold meldt til politiet skal føresette alltid ha skriftleg varsel om dette.

§8 Lokale ordensreglar ved Svortland skule.

Godkjent i samarbeidsutvalet Svortland skule 28.09.17

Ordensreglementet gjeld i ordinær skuletid, leksehjelp, SFO , på skuleveg og ved alle arrangement i skulen sin regi.

Mål: Svortland skule skal vere ein vera ein trygg stad for alle. Derfor treng me reglar som er med og hjelper oss til at skulen skal vera ein slik stad.

1. Me skal vera høflege og visa omsyn, hjelpa og respektera kvarandre.
2. Mobbing er ikkje lov. Det gjeld også anna krenkande åtferd som vald, utestenging, rasisme, negativt språkbruk og digital mobbing.
3. Me skal følgja med i timane, gjera det arbeidet me vert sette til og ikkje uroa undervisninga.
4. Me skal gå roleg til og frå klasseromma og vera ute i friminuttane. Me skal møta presis til timane og ha med oss dei skulesakene me treng.
5. All leik eller aktivitet som kan gjera skade på medelevar, er ikkje lov på skulen sitt område. Snøballkasting er berre lov mot dei oppsette blinkane.
6. Det er forbode å bruka mobiltelefon/mobilklokker og liknande i skuletida, dersom den ikkje skal nyttast i undervisninga. Det er lov å ha mobilen/mobilklokka avslått i skulesekken. Brot på denne regelen fører til inndraging av mobilen, og den vert levert inn til skuleleiinga. Mobilen kan hentast der etter skuletid. Ved gjentakning må dei føresette henta telefonen.
7. Elevane må ha løyve frå skulen for å gå utanfor skuleplassen i skuletida.
8. Alt avfall skal kastast i bosskorg, og me gjer det me kan for at skulen skal vera ryddig både ute og inne.
9. Det er ikkje tillate å ha snop og søtsaker med seg på skulen anna enn i særlege høve.
10. Barn og føresette kan gjerast økonomisk ansvarlege for skader som barna valdar , innanfor til ei kvar tid gjeldande lovar og reglar (eks. hærverk på skulen).
11. Sykling på skulen sitt område er forbode i skuletida. Om ein sykklar til/frå skulen, må ein bruke hjelm og ha sykkel i godkjend tilstand.
12. Der ikkje anna er sagt gjeld «Forskrift om ordensreglement for grunnskulane i Bømlo kommune».

§ 9 Fastsetjing av karakter i orden og åtferd

- Når ein fastset karakter i orden og åtferd skal ein ta omsyn til i kva grad eleven har opptreidd i samsvar med ordensreglementet for grunnskulane i Bømlo og det særskilte tilleggsreglementet som gjeld for NN skule.
- Grunnlaget for vurdering i orden skal vurderast i høve til om eleven er førebudd, har gode arbeidsvanar, har arbeidsinnsats som er tilfredsstillande, er presis, følgjer opp arbeidet som skal gjerast og har med nødvendige læremidlar og utstyr.
- Grunnlaget for vurdering i åtferd er knytt til korleis eleven er mot andre elevar og tilsette i skulen. Alle tilsette skal her reknast med – ikkje berre undervisningspersonalet.
- Vurderingane i orden og åtferd skal kategorisk skiljast frå kompetansen i fag.
- I vurderinga av orden og åtferd skal det takast omsyn til elevane sine føresetnader. Det skal ikkje leggjast vekt på enkelthendingar dersom desse ikkje er særskild klanderverdige eller grove.

§ 10 Sakshandsaming

Reglane for sakshandsaming for brot på ordensreglementet skal særskilt følgja reglane etter §§ 2-9 4. ledd og 2-10 andre ledd og reglane i forvaltningslova generelt. I Forvaltningslova er kap III-VI som omhandlar enkeltvedtak av særskilt betydning.

§ 11 Iverksetjing

Forskrifta om ordensreglement gjeld frå 01.12.12. Reglementet skal gjerast kjent for elevane, dei føresette og dei tilsette kvart år ved starten av skuleåret. Dette er skulane sitt ansvar.

Ordensreglementet skal til ei kvar tid endrast i samsvar med endringar i gjeldande lover og forskrifter.

Ordensreglementet skal til ei kvar tid finnast på kommunen sine heimesider (den generelle delen) og på den einkilde skulen sine heimesider (full versjon med lokale tilpassingar).